

Hovudsponsor for Festidalen

22.03.2012

Kvinnerad Elektro har signert avtale som hovudsponsor for Festidalen. Marknadsansvarleg Kjetil Helvik seier at festivalen er positiv for kommunen generelt og for Uskedalen spesielt og at firmaet er positivt til å støtta eit arrangement som omfattar så mange dugnadsfolk

Sponsoransvarleg Lars Johan Myklebust lovar at firmaet skal ha igjen for investeringa. Målet er å få på plass 2 sånsorar til på same nivå. Myklbust slår fast at festivalen er møtt med utruleg mykje positivitet og ein har til gode å få eit nei. Grenda veit at sponsorpakker på nest høgaste nivå ligg på 30 000 og pakkene på topp difor klart høgare.